

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		01.06.2021
Fylkestinget		16.06.2021

### Møteplan for folkevalde organ i 2022

#### Forslag til innstilling

1. Fylkestinget viser til saksframstillinga og vedtek framlagte møteplan 2022 for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram ein samla møteplan for alle folkevalde organ i Vestland fylkeskommune på fylkestinget 29.september.

#### Samandrag

Møteplan for 2022 skal gje rammevilkår for dei folkevalde og administrasjonen si planlegging, førebuing og gjennomføring av møter i folkevalde organ. Ein slik plan vil og gjøre det lettare for ålmenta sitt innsyn i vedtaksprosessar i folkevalde organ.

Dei folkevalde organa kan likevel kunne endre møtetidspunkt, og fastsette nye møter i samsvar med  
kommunelova § 11-2.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkessjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen håndskrivne underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkesrådmannen legg med dette fram sak om møteplan for 2022 i folkevalde organ i Vestland fylkeskommune.

Møteplan for 2021 skal gje rammevilkår for dei folkevalde og administrasjonen si planlegging, førebuing og gjennomføring av møter i folkevalde organ. Ein slik plan vil og gjere det lettare for ålmenta sitt innsyn i vedtaksprosessar i folkevalde organ i Vestland fylkeskommune.

### Gjeldande møteplan for 2021

Oversikten under viser gjennomførte og planlagte møter i folkevalde organ i 2021.

	Januar 14	Februar 17	Mars 16	April 27	Mai 19 25	Juni	Juli	August 26	September 08	Oktober 14 26	November 23	Desember
Hovudutval for opplæring og kompetanse												
Finansutvalet			02			01			21	19	09	
Fylkestinget			09 10			16 17			29 30			15 16
Klagenemnda		11	25		05			31		05		07
Valnemnda			02			08			23			08
Fylkesutvalet	07 19	09 18	02 03 26	07 20 21	11	01 02 22		17	07 21 22	19 20	09 10 30	
Hovudutval for samferdsel og mobilitet	12	17	23	27	25				08	12 26	16	
Hovudutval for næring	12 22	17	23	28	12 25	24			08	13 26	17	
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	13	17	25	28	25	14			08	13 26	17	
Administrasjonsutvalet	21			15					17		24	
Fylkeseldrerådet	14		02	15		10			16	14	04	09
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		03	24		05	09			01	13		01
Vestland ungdomsutval		05 17	19		10			13	15	22	19	
Trafikktryggingsutvalet	25		15		19					04	15	
Fylkesvalstyret			25		11	01 22		17	21			
Vestlandsrådet												
Yrkesopplæringsnemnda	20	15	16	15 22	19			24	16	21	16	
Kontrollutvalet		15	22		10	14			21	26	29	
Arbeidsutval delegeringsreglement	27				18							
Arbeidsutval yrkesopplæringsnemnda												

Fylkesrådmannen vil påpeike følgjande i gjennomføringa av møteplanen så langt for 2021;

- I møteplanen for fylkesutvalet i 2021 var det opprinnelig sett opp 14 møter med i hovudsak ein møtefrekvens på møter kvar 3.veke. I tillegg kjem møter i finansutvalet. Det har vore tre ekstramøter i fylkesutvalet første halvår 2021, m.a pga av corona-situasjonen.
- I møteplanen 2021 var det opprinnelig sett opp 9-10 møter i hovudutvala. Fleire av hovedutvala har så langt lagt inn ekstramøter utover fastlagt møteplan for 2021.

### Feriar og bevegelege heilagdagar i 2022

For skuleruta 2021/2022 er det lagt inn vinterferie i 2022 ulikt for skulane i Vestland fylke. Oversikten under viser og bevegelege heilagdagar i 2022, som møteplanen må ta omsyn til.

Vinterferie	Inntaksområde Sogn og Fjordane: 21-25.februar Inntaksområde Hordaland: 28.februar-04.mars
Påske	14.april (skjærtorsdag)-18.april (2.påskedag)
Kristi himmelfartsdag	26.mai
Pinse	05-06.juni (2.pinsedag)
Haustferie	Skulerute 2022/2023 ikkje fastsett

## Forslag til møteplan 2022

Fylkesrådmannen foreslår følgjande møteplan for folkevalde organ i 2022;

møte folkevald organ													D er digitalt	*ikkje
	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des		
Fylkestinget			16/17			15/16			28/29				14/15	
Fylkesutvalet	18 (D)	08 (D)	08/09	05/06	03 (D)	01/02 21(D)			06 (D) 20 (D)	18/19	08/09 29 (D)			
Finansutvalet			08			01			20 (D)	18	08			
HU SAMO	12 (D)	16	22 (D)	26	24 (D)			31 (D)	14	11 (D) 26	16			
HU KULII	13 (D)	16	23 (D)	28	24 (D)			30 (D)	14	11 (D) 26	17			
HU OPPKO	12 (D)	16	22 (D)	27	19 (D)			26 (D)	14	12 (D) 26	16			
HU NÆRIN	13 (D)	16	24 (D)	26	19 (D)			31 (D)	14	12 (D) 26	17			
Adm.utvalet	25 (D)			20					07 (D)		24			
Politikardag*		15							13	25				

### Vedtakskompetanse

På fylkestinget 29.september 2020, vart det vedtekne endringar i delegeringsreglementet for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune. Her vart det m.a vedteke at mynde til å vedta møteplan for året for fylkestinget, fylkesutvalet, hovudutvala, administrasjonsutvalet, fylkesvalstyret, og finansutvalet, vert flytt frå fylkesutvalet til fylkestinget.

Dei andre folkevalde organa som klagenemnda, kontrollutvalet, trafikktryggingsutvalet, valnemnda, medverknadsorgana, yrkesopplæringsnemnda og arbeidsmiljøutvalet vil fastsette eigne møteplanar i sine respektive organ.

Fylkesrådmannen vil og minne om at saka omhandlar ein plan for møteverksemd, og at dette ikkje set til sideskommunelovas § 11-2 (2) bokstav a, som seier at møte i folkevalde organ skal haldast dersom Organet selv, kommunestyret eller fylkestinget vedtar det».

Organet kan dermed framleis sjølv vedta møte/endre møtetidspunkt, jf. kommunelova § 11-2 (2).

### Konklusjon

Fylkesrådmannen foreslår at fylkestinget vedtek framlagt møteplan 2022 i samsvar med delegeringsreglement for Vestland fylkeskommune.

I forslaget til møteplan for 2022 har fylkesrådmannen redusert talet på møter i fylkesutvalet frå 17 inkl 3 ekstramøter til 12 møter. Fylkesrådmannen vil peike på at grunnlaget for ekstramøta så langt i fylkesutvalet ikkje vil vere aktuelle i 2022, og at erfaringar med saksmengda tilseier at denne kan fordelast på færre møter i fylkesutvalet.

Til dømes er det i Rogaland fylkeskommune sin møteplan for 2021 sett opp 10 møter i fylkesutvalet, og tilsvarende 11 møter i Agder fylkeskommune.

Fylkesrådmannen er og usikker på om det er grunnlag for å innarbeide ekstramøter så langt i hovedutvala også i møteplanen for 2022. Fylkesrådmannen har derfor lagt opp til 10 møter i hovedutvala i 2022.

Fylkesrådmannen vil i tillegg vise til kommunelova §11-2, om reglar for møter i folkevalde organ, og at dei folkevalde organa med dette derfor vil kunne endre møtetidspkt., og fastsette nye møter i samsvar med kommunelova § 11-2.

Fylkesrådmannen vil og så raskt som råd orientere fylkestinget om møteplan for 2022 i dei andre folkevalde organa.